





# Bli kjend med tre norske haiartar


Pigghå



Håbrann



Småflekka raudhai



Dei tre vanlegaste haiartane i Noreg er Pigghå (*Squalus acanthias*), Håbrann (*Lamna nasus*), Småflekka raudhai (*Scyliorhinus canicula*). Teikningar: Gro Wollebæk.

I Noreg finst det ni artar med hai. Dei er svært ulike. Den minste er berre 50 cm lang, og den største er heile 13 meter lang. Desse haiane er ikkje farlege for oss. Dei bur som oftast på djupet, og det er sjeldan vi ser dei.

Alle haiane må bevege seg for å flyte. Når haien sluttar å symje, søkk han til botnen. Nokre haiar nyttar sjansen til å sove litt når dei søkk. Haiar flyt fordi dei har ei lever stappfull av olje. Olje er lettare enn vatn, og det gjer at haien flyt. I tillegg er finnane med på å halde han flytande.

## 3 ulike arter

**Brugde** er ein hai som lever utanfor kysten av Noreg. Ho sym med open munn for å fange store mengder med dyreplankton. Dette er bitte små krepsar som flyt i vatnet. Brugda har børstar ved gjellene som siler ut krepsdyra frå vatnet.

**Håkjerring** er ein norsk hai som kan bli fleire hundre år gammal. Ho bur på djupt vatn og et det ho kjem over av fisk, kråkebollar og andre sjødyr. Håkjerringar er digre og sym veldig roleg.


Dei fleste haiane legg egg på botnen av havet. **Pigghåen** beheld eggja inni kroppen og klekker eggja sine der. Då ser det ut som om han føder levande ungar.

Haiar i Noreg er ein trua dyreart. Vi er redde for at dei skal bli utrydda.




# Oppgåver – tre norske haiartar


Pigghå



Håbrann



Småflekka raudhai



Dei tre vanlegaste haiartane i Noreg er Pigghå (*Squalus acanthias*), Håbrann (*Lamna nasus*), Småflekka raudhai (*Scyliorhinus canicula*). Teikningar: Gro Wollebæk.







1. Kor mange haiarter finst det i Noreg?
2. Beskriv 2 måtar som gjer at ein hai kan halda seg flytande i vatn.
3. Kva et hiar?
4. Kva av dei 3 haiane i teksten trur du er lengst, og kven trur du er minst av dei? Sjekk ut fakta ved hjelp av Nysjerrigpers haikort.
5. Lag eit spørsmål om kvar haiart frå teksten. Test ut spørsmåla på ein læringsvenn.  
Hugs at du òg må kunna svara på dine eigne spørsmål!





# Teikn ein hai

Følg instruksjonen





## LESEKORT OM NORSKE HAIARTAR

Svarthå

Kamtannhai

Gråhai

Håbrann

Håkjerring

Hågjel

Brugde

Pigghå

Småflekka raudhai

### Kamtannhai (*Hexanchus griseus*)

**Bustad:** I heile Sør-Noreg og på Vestlandet. Er på djupt vann og blir sjeldan observert.


**Lengd og vekt:** 5 meter. Ca. 600 kilo.

**Utsjåad:** Litt raudleg grå. Lysare på buken. Han har seks eller sju gjeller. Han har ei ryggfinne langt bak på ryggen. Halefinna er også svært lang.

**Mat:** Krepsdyr, daude dyr og nokre gonger sel.

**Formeiring:** Hoa føder frå 20 til 100 ungar som er rundt 50 centimeter lange.

**Fleire fakta:** Namnet kamtann har han fått fordi han har sagtenner i underkjeven. Desse tennene brukast til å dele opp byttet.



Tekning: Gro Wøllebæk



## Brugde (*Cetorhinus maximus*)

**Bustad:** Langs heile norskekysten.


**Lengd og vekt:** 8–13 meter lang. Kan vege bortimot 20 tonn.

**Utsjånad:** Grå på ryggen og kvit på magen.

**Mat:** Plankton som blir silt gjennom gapet og gjellene.

**Formeiring:** Brugder føder levande ungar.

**Fleire fakta:** Brugder er verdas nest største fisk. Dei er sterkt utrydningstrua. Brugder kan bli fleire hundre år gamle. Haiar er bruskfisk. Brusk er lettare enn bein. Han manglar symjeblære. Han har ei oljerik lever, noko som gjer at han flyt.



Tekning: Gro Wellebæk

## Pigghå (*Squalus acanthias*)

**Bustad:** Langs heile kysten i store stimer i Sør-Noreg og på Trøndelagskysten. Lever på grunt vatn, men kan finnast ned til 600 meter.


**Lengd og vekt:** 1–1,5 meter lang. Kan vege 9 kilo.

**Utsjånad:** Svart på ryggen og kvit på magen. Ved kvar ryggfinne sit det ein kraftig pigg.

**Mat:** Sild, akkar, kreps og torskefiskar.

**Formeiring:** Pigghå går gravid i to år før ho føder 7–20 levande ungar.

**Fleire fakta:** Pigghå er freda. Pigghå kan bli mellom 25 og 70 år gammal. Noregs mest vanlege hai. Haiar er bruskfisk. Brusk er lettare enn bein. Han manglar symjeblære. Han har ei oljerik lever, noko som gjer at han flyt.



Tekning: Gro Wellebæk



## Småflekka raudhai (*Scyliorhinus canicula*)

**Bustad:** Langs norskekysten opp til Nordland.


**Lengd og vekt:** 1 meter lang. 1,5 kilo.

**Utsjånad:** Grågul farge med raudbrune flekker på. Den har augelokk.

**Mat:** Blautdyr, små krepsdyr, småfisk. Den bit seg fast i byttet og ristar på hovudet for å dele opp maten i mindre bitar.

**Formeiring:** Har indre befrukting og legg egg i lange, smale kapslar. Inne i kapslane blir det utvikla eit embryo. Desse blir klekte først etter 5–11 månader og blir til små haiar.

**Fleire fakta:** Småflekka raudhai har utruleg god luktesans. Småflekka raudhai ligg ofte og kviler nede på sandbotnen om dagen og jaktar om natta.



Tekning: Gro Wøllebæk

## Gråhai (*Galeorhinus galeus*)

**Bustad:** Langs norskekysten opp til Trøndelag. Han likar seg både langs botnen og i fritt vatn.


**Lengd og vekt:** 2 meter lang. 40 kg.

**Utsjånad:** Grå på ryggen og kvit på buken.

**Mat:** Kviting, pigghudar, blekksprut og krepsdyr.

**Formeiring:** Føder levande ungar. Er gravid i 10 månader. Kan få 50 ungar på ein gong. Nyfødde ungar er 40 centimeter lange.

**Fleire fakta:** Han kan svømme enorme avstandar, ofte ein heil stim saman.



Tekning: Gro Wøllebæk



## Håkjerring (*Somniosus microcephalus*)

**Bustad:** Den haiarten som lever lengst mot nord. Han kan symje ned til 2200 meters djup.


**Lengd og vekt:** 7 meter lang. Eitt tonn.

**Utsjånad:** Flekkete rosagrå farge. Lyse flekker eller stripers. Sylskarpe tenner. Stor og kraftig kropp. Forskarar trur håkjerringar kan bli nesten 400 år gamle.

**Mat:** Spesialisert seg på å ete sovande sel. Ein vaken sel symjer frå ei håkjerring. Håkjerringar et òg fisk.

**Formeiring:** Håkjerringar føder levande ungar. Dei er ca. 50 centimeter lange.

**Fleire fakta:** Kan bli heile 400 år gammal. Kjøtt fra håkjerring er giftig dersom det ikkje er kokt eller steikt. Håkjerringa har ei oljerik lever som gjer at ho flyt.



Tekning: Gro Wollbæk

## Håbrann (*Lamna nasus*)

**Bustad:** Lever over heile verden. Likar kaldt vatn ute i havet.


**Lengd og vekt:** 3 meter lang. 200 kg.

**Utsjånad:** Blågrå rygg og kremkvit buk. Har ein kvit flekk på den første og største ryggfinna. Finnane er lyse i ytterkanten. Håbrann har ein klassisk haisnute og er i familie med kvithaien. Han har mange rekkjer med skarpe tenner.

**Mat:** Makrell og sild, men kan òg fange blekksprut. Håbrann er ein rask svømmar og jaktar på fisk som òg symjer fort.

**Formeiring:** Føder fire levande ungar annakvart år. Dei er 60 centimeter lange.

**Fleire fakta:** Ein håbrann kan bli 30 år gammal. Håbrann er freda.



Tekning: Gro Wollbæk



## Svarthå (*Etomopterus spinax*)

**Bustad:** Lever langs heile norskekysten. Han lever djupt i havet om sommaren. Om vinteren kan han komme opp til grunt vatn.


**Lengd og vekt:** 60 centimeter lang. 1 kilo. Den minste haiarten i Noreg.

**Utsjånad:** Blåsvart i farge og huda kjennest ut som fløyel. På ryggen har han to piggar på kvar ryggfinne.

**Mat:** Kolmule, blekksprut, krepsdyr og lysprikkfisk.

**Formeiring:** Føder 6–20 levande ungar som er 12 centimeter lange.

**Fleire fakta:** Han har òg små lys på buken som sender ut blinkande lys som han brukar til jakt i mørkeret på havdjupet. Symjer i store stimar.



Tekning: Gro Wøllebæk

## Hågjel (*Galeus melastomus*)

**Bustad:** Kysten av Vestlandet og opp til Nord-Noreg. Han trivst best på djupt vatn, men kan trekke inn til grunnare vatn om natta.


**Lengd og vekt:** 90 centimeter lang. 1,8 kilo.

**Utsjånad:** Raudleg i fargen. På kroppen har han sirkelmønster med lyse kantar.

**Mat:** Krill, blekksprut, vassild, augepål, rekebarn og djupvassreker.

**Formeiring:** Hågjelen føder 5–7 lysebrune kapslar med to egg i kvar. Kapslane blir lagde på sandbotn eller i mudder. Eggja blir klekte om vinteren.

**Fleire fakta:** Hågjel har munn, nase og sanseorgan under hovudet.



Tekning: Gro Wøllebæk



# DE 9 NORSKE HAIANE

Svarthå



0,6 m

Hågjel



0,9 m

Småflekka raudhai



1 m

Pigghå




1,5 m

Gråhai




2 m

Håbrann




3 m

Håkjerring



5 m

Kamtannhai



7 m

Brugde



13 m